

## EMNERAPORT

<b>EMNEKODE</b>	<b>SPLA313</b>
<b>SEMESTER</b>	<b>Haust 2017</b>
<b>GENERELT OM EMNET</b>	<p>Emnet skal gi innsikt i ulike teoriar og metodar nytta i forskning på latinamerikanske samfunn. Det vil bli diskutert kva historie og kulturkunnskap er i eit latinamerikansk perspektiv, og korleis desse har vore tolka i frå ulike teoretiske ståstader i ulike historiske periodar. Studentane vil i tillegg bli introduserte for ei rekkje metodar nytta i forskning på latinamerikanske samfunn og ulike typar kjeldemateriale, og ein vil visa korleis desse kan brukast for å kasta lys over ulike typar problemstillingar i eit forskingsarbeid som omhandlar latinamerikansk historie og kultur.</p> <p>Det vert òg gjeve ei innføring i korleis ein kan skrive ei prosjektskisse, kva som kan vere aktuelle tema for masteroppgåva og om aktuelle rettleiarar. Ca to timar er sett av til dette.</p>
<b>FAGLÆRERS VURDERING AV UNDERVISNINGS- OG VURDERINGSFORMER</b>	<p>Emnet har vore delt tematisk mellom ein historisk gjennomgang av historiografi generelt og knytt til Latin-Amerika, og ein gjennomgang av ulike metodar nytta i historisk forskning.</p> <p>Undervisninga har vore delt mellom førelesingar og diskusjonsseminar. Etter faglærer sitt syn har dette fungert tilfredsstillande.</p> <p>Vurderingsforma i emnet er ein fem dagars heimeksamen.</p>
<b>FAGLÆRERS VURDERING AV PENSUM</b>	<p>Pensum har fungert tilfredsstillande.</p>
<b>FAGLÆRERS VURDERING AV LOKALE OG UNDERVISNINGSUTSTYR</b>	<p>Lokale og undervisningsutstyr har fungert tilfredsstillande.</p>
<b>FAGLÆRERS VURDERING</b>	<p>Ikkje noko å kommentera.</p>

<b>AV ANDRE FORHOLD</b>	
<b>VURDERINGS- OG UNDERVISNINGSMELDTE</b>	15
<b>STRYKPROSENT OG FRAFALL</b>	2 studenter tok ikke eksamen
<b>KARAKTERFORDELING</b>	A - 3 B - 5 C - 4 D - 1 E - 0 F - 0
<b>STUDENTEVALUERING: METODE OG GJENNOMFØRING</b>	Studentevalueringa vart gjennomført på papir i siste undervisningstime. Alle studentane som var til stades (9 personar) fylte ut skjemaet.
<b>STUDENTENES TILBAKEMELDINGER</b>	<p>Kor nøgd er du med emnet totalt sett? Her svarte 2 studantar svært godt, og 9 studantar godt.</p> <p>Har du følgd førelesingar? 8 av 9 studantar svarte at dei hadde deltatt på nesten alle førelesingane.</p> <p>Korleis har utbytet av førelesingane vore? 8 av 9 studantar svarte godt, medan ein student svarte svært godt.</p> <p>Har du delteke på diskusjonsseminara? 5 studantar svarte at dei hadde deltatt på nesten alle seminara, medan 4 studantar hadde deltatt på nokre seminar.</p> <p>Korleis har utbytet av diskusjonsseminara vore? 6 studantar svarte godt, medan to studantar svarte svært godt og ein student svarte dårleg.</p> <p>I kva grad meiner du at undervisninga var relevant i høve læringsmåla for emnet? 6 studantar svarte relevant, medan to studantar svarte svært relevant og ein student svarte veit ikkje.</p> <p>I kva grad meiner du at pensum var relevant i høve læringsmåla for emnet? 5 studantar svarte relevant, medan to studantar svarte svært relevant og to studantar</p>

	<p>svarte veit ikkje.</p> <p>Korleis synest du kommunikasjonen mellom førelesar og student har vore på dette kurset? 7 studentar svarte svært bra, medan to studentar svarte bra.</p> <p>Dersom du kunne velja, kva for ei vurderingsform ville du føretrekkja i dette emnet? Her sette studentane fleire kryss kvar. 3 studentar kryssa av på obligatoriske oppgåver + mappe, 4 på munnleg eksamen, 3 på semesteroppgåve og 6 på heimeeksamen.</p> <p>Kva synest du om bruken av Mitt UiB i dette emnet? 5 studentar svarte svært god, og 4 studentar svarte god.</p> <p>Korleis vurderer du din eigen innsats i dette emnet? 7 studentar svarte god og 2 studentar svarte middels.</p> <p>Kor mange timar har du arbeidd med emnet ei vanleg studieveke (undervisning og sjølvstudium)? 3 studentar svarte under 5 timar, 5 studentar svarte 6-10 timar og ein student svarte 10-15 timar.</p> <p>Kor fornøgd er du med studieadministrativ oppfølging? 5 studentar svarte svært fornøgd og 4 studentar svarte fornøgd.</p> <p>Forslag til forbetringar for neste gjennomføring av emnet?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Meir samfunnsvitskap i tillegg til historie</li> <li>• Meir diskusjon også i førelesingsøktene</li> <li>• Meir fokus på å forklara og samanlikna ulike – ismar</li> <li>• Obligatorisk(e) eller frivillig(e) innlevering(ar) i semesteret</li> <li>• I større grad tvinga alle til å delta i diskusjonar</li> <li>• Meir spesifikke Power Pointar</li> <li>• Meir spesifikke på metodedelen</li> <li>• Laga metodedelen av emnet større i høve teoridelen</li> </ul>
<p><b>FAGLÆRERS KOMMENTAR TIL STUDENTENES TILBAKEMELDINGER</b></p>	<p>Tilbakemeldingane er stort sett positive. Nokre av forslaga til forbetringar kan lett takast med vidare til neste semester, medan andre kanskje kan takast med. Når det gjeld diskusjonane, kan desse kanskje leggjast opp på andre måtar for å gjerast meir fruktbare for studentane. Det er likevel slik at det å få til fruktbare diskusjonar ikkje berre er opp til faglærer, men også føreset også vilje til førebuing, deltaking og</p>

	engasjement frå studentane si side.
<b>ANDRE MERKNADER</b>	Ingen
<b>SAMLEDE VURDERINGER</b>	Emnet har fungert tilfredsstillande.
<b>EVENTUELLE FORSLAG TIL ENDRINGER</b>	Ingen.